



«Mottakernavn»

Kontakt saksbehandlar

«Adresse»

Monica Dahlmo, 51 56 89 66

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

## Rundskriv 1/2023. Tilskot frå Regionalt miljøprogram i Rogaland: Kommentarar til reglane og rutinar for saksbehandling

Kontaktpersonar:

Monica Dahlmo, tlf 51 56 89 66, [monica.dahlmo@statsforvalteren.no](mailto:monica.dahlmo@statsforvalteren.no)

Else Fredheim Hodne, tlf 51 56 89 77, [else.hodne@statsforvalteren.no](mailto:else.hodne@statsforvalteren.no)

### 1 Innleiing

Regionalt miljøtilskot er fastsett i Regionalt miljøprogram for Rogaland. Regionalt miljøprogram er utarbeidd av Statsforvaltaren i Rogaland i samråd med Rogaland bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag. Vilkår for å få tilskot står i forskrift om regionalt miljøtilskot i jordbrukskret, Rogaland. Forskrifta ligg på [lovdata.no](#). Omtala av ordningane og nærmare vilkår for å søkje er omtalt på heimesida til Statsforvaltaren under «Landbruk og mat», «miljøtiltak», tilskot til miljøtiltak.

Rundskrivet omhandlar rutinar for kommunal saksbehandling og kommentarar til ordningane. Vi viser også til rundskriv 2023-22 av Landbruksdirektoratet om forvaltningsansvar og saksbehandling.

### 2 Innholdsliste

#### Innhald

1	Innleiing .....	1
2	Innhaldsliste .....	1
3	Fristar og andre viktige datoar for søknadsomgangen 2022 .....	2
4	Kommunen må delegera økonomisk ansvar for RMP .....	2
5	Levering og mottak av søknad .....	3
6	Arkivering av søknadar .....	3
7	Saksbehandling .....	3
8	Kommentarar til dei ulike ordningane .....	6



9	Dispensasjon .....	13
10	Kontroll av søknadar .....	13
11	Avkorting .....	15
12	Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage .....	15
13	Innspel til Regionalt miljøprogram .....	15

### 3 Fristar og andre viktige datoar for søknadsomgangen 2023

31. juli	Frist for registrering av areal med miljøverdiar, godkjenning av nytt jordbruksareal, merking av tursti i terrenget, avmerking av tursti på kart.
29. august	Frist for å sende kopi av evt. godkjenningar av nye beitelag, kart over beiteområde og evt endringar i namn på beiteområde.
15. september	Søkjarane kan levere søknad.
15. oktober	Siste søknadsfrist for søknad om miljøtilskot.
29. oktober	Siste frist for å gjere endringar i allereie innsend søknad.
15. november	Siste søknadsfrist for søknad om tilskot til organisert beitebruk.
1. desember	Frist for å gjennomføre stadleg kontroll.
<b>2024</b>	
19. januar	Frist for første gongs saksbehandling i eStil for kommunane. Alle søknadar skal ha status godkjend/avslått/avvist.
2. februar	Statsforvaltaren løser tilskottssatsane og kommunen kan starte å attestere søknadar.
16. februar	Frist for endeleg vedtak/attestering av søknadene til utbetaling.
23. februar	Frist for endring av kontonummer i Altinn (søkjar) og i LREG- tenester (kommunen).
	Tilskotsbrev blir tilgjengeleg i Altinn mellom 29. februar og 14. mars.
14. mars	Utbetalingsdato.

### 4 Kommunen må deleger økonomisk ansvar for RMP

I 2021 innførte Landbruksdirektoratet ny rolle i eStil-RMP for attestering av søknadane. Kommunen må stadfeste skriftleg til Statsforvaltaren kven som har fått delegert ansvar for å attestere RMP-søknadane. Det skal vere ein annan person enn den som har godkjend søknaden. Delegasjonen skal vere skriftleg og kommunen skal ha rutinar for *tilfredsstillende oppfølging av delegert budsjettdisponeringsmyndighet*. Ansvaret til den som endeleg godkjenner søknadar går fram av punkt 2.5.2.1 om *budsjettdisponeringsmyndighet* i [Bestemmelser om økonomistyring i staten](#). Ved endringar i ansvarsforhold sender kommunane stadfestinga til Statsforvaltaren sitt postmottak (gjerne merka med Morten Svanes sitt namn). Når Statsforvaltaren har fått stadfesta delegasjonen tildelast vedkommande rolla ESTIL\_VEDTAK\_RMP. Merk at kommunen ikkje treng å sende ny stadfesting så lenge det ikkje er endringar frå 2021.



## 5 Levering, retting og mottak av søknad

Jordbruksføretak kan levere søknad om regionalt miljøtilskot via Altinn eller på papir til kommunen. Søknad på papir skal vere postlagt eller levert kommunen seinast søknadsfristen 15. oktober. Beitelaga har søknadsfrist 15. november. For seint leverte søknadar blir trekte med 1000 kr per dag etter frist. I år er 15. oktober på ein søndag. Dersom søkeren ventar til måndag med å levere søknaden får han 1000 kr i trekk. I eStil blir trekket automatisk rekna ut. Kommunen må ved registrering av papirsøknad leggje inn rett søknadsdato. Kommunen skal avvise søknadar som blir levert etter 29. oktober. I eStil blir søknaden automatisk registrert som avvist, men kommunen må sende vedtak om avvisning til søker.

Søknadsskjema på papir skal vere underteikna av søker. Berre personar som har ei rolle i føretaket, eller på annan måte har fått skriftleg fullmakt av føretaket, kan underteikne søknaden. Innehavar i føretaket kan delegera oppgåver til andre personar i Altinn. Fanekortet *Roller Person* under føretaket i Landbruksregisteret, viser kva personar som er registrerte i Einingsregisteret med fullmakt til å forplikte føretaket. Desse opplysningane finn ein òg ved å sjekke på føretaket på [www.brreg.no](http://www.brreg.no).

Søkarane kan rette i ein allereie innlevert søknad fram til 29. oktober. RMP-forskrifta er endra slik at dette nå samsvarar med regelverket for produksjonstilskot. Dersom kommunen etter 15. oktober tek søknaden til behandling, vil ikke søkeren klare å gjere endringane i Altinn. «Gjenåpne» -knappen er då inaktiv for søkeren. Eventuelle endringar i søknadar må i desse tilfella gjerast manuelt av kommunen. Kommunen må avvege omsynet til å kome i gang med søknadsbehandlinga opp mot eventuelt meir arbeid med å gjere endringane manuelt. Søkerane kan ikke forvente at kommunane bruker tida mellom 15. – 29. oktober til å gjere dei merksame på feil i søknaden som kan føre til avkorting. Kommunen bør ha rutinar for korleis dei handsamar søknadane i dette tidsrommet, og vere merksame på omsynet til likebehandling.

## 6 Arkivering av søknadar

Kommunane må bruke sine eigne system for å arkivere søknadane. Søknadsdokument og tilskotsbrev blir overført frå eStil-RMP til kommunane via SvarUT den 15. i kvar månad mellom november og juli. Det er utskriftsversjonen som blir arkivert, ikkje eventuelle kommentarar til godkjend-verdiane i eStil. Sjå punkt 11 i rundskriv frå Landbruksdirektoratet for utfyllande informasjon om arkivering.

## 7 Saksbehandling

### 7.1 Alle søkerarar skal ha svar

Kommunen skal saksbehandle og gjere vedtak for alle søknadar som kjem inn. Kommunen skal enten avvise, avslå eller godkjenne søknaden. Søker skal ha svar på sin søknad der det er opplyst om klagerett. Avslag og avvisinger skal kommunane sende fortløpende til søker. Søkerarar som får godkjend søknaden og attestert søknaden sin i eStil får automatisk eit «tilskotsbrev» rett før hovudutbetalinga.

#### Avvisning av søknadar

Å avvise ein søknad er å la vere å ta saka til handsaming fordi dei formelle vilkåra i saka ikkje er oppfylte. Søknadar som manglar underskrift eller er underteikna av andre enn den som pliktar føretaket, skal avvisast og sendast i retur til søker. Søknadar frå føretak som ikkje er registrert i



Einingsregisteret innan søknadsfristen, skal avvisast. Søknadar som er levert seinare enn 14 dagar etter søknadsfristen, skal òg avvisast. Kommunen må sjølv sende vedtaket til søker.

### **Avslag på søknadar**

Søknadar som er tatt opp til behandling, men som ikkje fyller vilkåra for å få tildelt tilskot, skal ha avslag. Kommunen skal sende avslag til søker utanom eStil. Kommunen skal avslå søknadar med 0 kroner i utmålt tilskot så framt det ikkje er avkorting eller interne trekk som er årsaka til null kroner i utbetaling. Søknadar som kjem ut med kroner null i utbetaling på grunn av avkorting og/eller interne trekk skal godkjennast og attesterast i eStil. Alle søkerarar som får søknaden sin attestert får det autogenererte tilskotsbrevet i Altinn. I desse tilfella treng ikkje kommunen sende brev utanom eStil.

### **7.2 Søknadar «under registrering»**

Dersom eit føretak opnar søknadsskjemaet i Altinn og startar arbeidet med å fylle ut søknaden, får søknaden status som «under registrering». Søknadar som er «under registrering» er framleis ikkje levert av søker, og kommunane kan ikkje starte å behandle desse før dei er sendt inn. Vi anbefaler at kommunane vurderer sakene som ligg med status «under registrering». Kommunen bør ta kontakt med søker dersom søknaden synest vere nesten ferdig utfyldt. Dette for å avklare om søker vil levere søknaden eller ikkje.

### **7.3 Registrering av papirsøknadar**

Frå 15. september kan kommunane registrere papirsøknadar i eStil. Ved mottak av papirsøknadar skal kommunen føre på mottaksdato og registrere søknaden i arkivsystemet. Søkjaren må gjere greie for kvar tiltaka er, (t.d. merke av på papirkart). Det er først når søknaden er tatt til behandling at kommunen kan teikne inn tiltaka i eStil-kartet. Dersom søker har forsøkt seg på å levere digitalt må kommunen hente den fram (har status under registrering av søker), registrere den som papirsøknad og legge inn opplysningar frå papirsøknaden.

### **7.4 Vurdering av søknadar**

Kommunen skal i si saksbehandling gå igjennom opplysningane som er gitt i søknaden og vurdere desse opp mot krava i dei ulike tilskotsordningane. Det er ingen automatisk kontroll i eStil- RMP mot eStil- PT eller mot regionale kartavgrensingar. Difor er det viktig at kommunane manuelt vurderer om:

- søkeren disponerer arealet det er søkt tilskot til,
- områda har miljøverdien det er søkt tilskot til,
- tilskot med geografisk verkeområde gjeld i dei områda det er søkt tilskot til,
- tiltaka er utført i tråd med skjøtselsråd og vilkår for ordningane,
- opplysningane i søknaden er korrekte,
- for ordningar med tilskotstak: om føretaket er i driftsfellesskap med andre søkerarar.

### **Disponering av areal**

Det er den som disponerer arealet som kan søkje regionalt miljøtilskot. Å disponere eit areal betyr at føretaket må utføre eller administrere oppgåver som jordarbeiding, såing, gjødsling, hausting/beiting, gjerding osv. Det er den som søker produksjonstilskot på jordbruksarealet som kan søkje regionalt miljøtilskot til same areal. Dersom skjøtselen blir utført på leigd areal, kan ikkje skjøtselen vere i strid med avtalen mellom leigar og eigar. Det er ikkje krav til skriftleg avtale for bruk av utmark, men det er anbefalt. Eigar og leigar avtaler seg i mellom korleis regionalt miljøtilskot påverkar leigeprisen.



Vi anbefaler at kommunane først vurderer føretaket sin søknad om produksjonstilskot og seinare søknaden om regionalt miljøtilskot.

### Kartfesting av miljøverdiar – DN Håndbok 13 og Natur i Norge

Fleire ordningar gjeld berre der det er kartlagd spesielle miljøverdiar. I eStil-kartet er det mogleg å slå på kartlaga; slåttemark, slåttemyr, kystlynghei, og naturtypar (viser fleire ulike naturtypar). For tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl, låg tilrettelegging må kommunane sjå til [www.temakart-rogaland.no/rmp](http://www.temakart-rogaland.no/rmp). Områdeavgrensingane må som hovudregel vere sett før 31. juli.

I dei fleste ordningane under biologisk mangfald skal arealet det blir gitt tilskot til vere registrert i Naturbasen. Der registreringa er gjort, og oppdateringane av Naturbasen er i prosess, er ei skriftleg stadfesting frå miljøvernnavdelinga hjå Statsforvaltaren tilstrekkeleg.

Sidan 2015 har miljøforvaltninga kartlagt naturtypar etter metodikken Natur i Norge (NiN). Tidlegare blei naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13, og det er kvalitetssettinga etter handbok 13 (svært viktig= A, viktig = B og lokalt viktig = C) som har vore basis for vår inndeling av tilskottssatsar i RMP. I rettleiingsheftet er det spesifisert tilskotsklasse for dei ulike kvalitetsgraderingane i NiN. For kvart tiltak er det omtalt kva slags kvalitet området må ha for å kvalifisere for tilskot.

Dersom eit område er kartlagt både etter handbok 13 og etter NiN- metodikk skal forvaltninga bruke siste kartlegging for å vurdere miljøtilskot. I praksis vil det bety at ny NiN-kartlegging overstyrer eldre kartlegging etter handbok 13. Kommunen må vere merksam på at ny NiN-kartlegging kan overlappe med andre kartlag som indikerer at skjøtselen ikkje er i tråd med krava for tilskot. Til dømes kan NiN-kartlagt kystlynghei overlappe med AR5 innmarksbeite.

### Geografiske verkeområde

Fleire av ordningane gjeld berre i bestemte område. Kommunane kan bruke [www.temakart-rogaland.no/rmp](http://www.temakart-rogaland.no/rmp) til hjelp i saksbehandlinga. Dersom ein teig blir delt av to ulike nedbørdfelt, så skal kommunen godkjenne heile teigen for tilskot til miljøavtaler.

### Skjøtselsråd

I 2019 blei krav om skjøtselsplan erstatta med skjøtselsråd. Skjøtselsråda er retningsliner for korleis skjøtselen skal vere for å oppnå ein gitt miljøverdi. For å ha rett til tilskot må føretaket ha utført skjøtselen i tråd med skjøtselsråda. Kommunen skal avslå tilskot dersom skjøtselen ikkje er gjort slik at miljøverdiane blir tatt vare på eller forbetra. Søkjaren må kunne gjere greie for kva som er gjort/korleis skjøtselen har vore.

### Kart

Kommunen kan endre søker sine kartregisteringer når søknaden er under behandling. Kommunen bør rette opp feil i kartet. Søkjarane vil ved neste års søknad få spørsmål om å importere kartdata frå tidlegare år. Sidan kartdata er kjelde til arealopplysningar i søknaden er det lett at feil blir gjentatt dersom karta ikkje blir oppdaterte.

## 7.5 Endring av søknadsverdiar

Kommunen skal ikkje på eige initiativ endre i søknadsverdiar. Dersom søkeren ønsker å føre på nye tiltak eller nye einingar (dyr/dekar/meter) skal han som hovudregel levere inn ny søknad.

Kommunen kan berre rette opp openberre feil i søknaden. Skal kommunen endre søknadsdata i eStil – RMP må søknaden avisast og gjenopnast. Når søknaden blir tatt til ny behandling kan saksbehandlar trykke «Endre», legge inn oppdaterte søknadsverdiar, og sende inn søknaden på nytt.



Kommunen kan i si saksbehandling rette opp i unøyaktige innteikningar i kart. I 2023 er tilskot til naturbeitemark og hagemark flytta til ei eigen ordning *skjøtsel av trua naturtypar*. Ordninga *skjøtsel av biologisk verdifulle areal* inkluderer no berre myr ved jordbruksareal. Kommunen kan endre i søknader som gjeld desse tilskota slik at dei får rett tiltaksklasse.

## 7.6 Godkjenning av søknadsverdian

Kommunen vurderer om søknadsverdiane er rette. Dersom kommunen ikkje godkjenner søknadsverdiane må dei kommentere endringa. Dersom søkeren får mindre tilskot/ikkje får tilskot, må søkeren kunne forstå kvifor. Kommentarfeltet i eStil som ligg til høgre for godkjend verdi er til intern bruk i kommunen. Under tiltaket er det felt: «Merknad til tiltak .. i tilskuddsbrev, og det er dette feltet som kommunen skal bruke for å forklare endringar til søkeren.

## 7.7 Attestering av søknadar

Kommunen må innan gitt frist gå inn i eStil og attestere godkjende søknadar for utbetaling. Søknadar som ikkje er attestert vil ikkje bli utbetalt. Kommunen fattar vedtak når dei attesterer søknaden. Den som har behandla søknaden kan ikkje attestere den. Det må vere ein annan person som har fått tildelt rolla ESTIL\_VEDTAK\_RMP.

# 8 Kommentrar til dei ulike ordningane

På heimesida til Statsforvaltaren og i forskrift er vilkåra for ordningane omtalte, og det er gitt skjøtselsråd. Kommunane må gjere seg kjende med vilkår og skjøtselsråd, og bruke desse ved behandling og kontroll av søknadar.

## 8.1 Skjøtsel av bratt areal

Arealet må tilfredsstille krava til bratt areal jamfør NIBIO sine kart over bratt areal. I siste halvdel av august bereknar NIBIO bratt areal ut frå AR5. AR5 blir deretter fryst og det er det fryste kartlaget som er synleg i eStil-kartet. Vi har derfor satt frist for kartlegging av jordbruksareal. Arealet må vere registrert som jordbruksareal (etter AR5) innan 31. juli for å kunne utløyse tilskot. Areala skal vere i aktiv drift og bli beita eller slått. Graset skal ikkje liggje att på marka, og det er ikkje nok å bruke beitepussar. Areala skal ikkje ha for mykje ugras eller bere preg av attgroing.

## 8.2 Beite av verdifulle jordbrukslandskap i innmark.

Formålet med tilskotet er å halde i hevd jordbruksareal i område som er spesielt verdifulle. Areal som er grodd igjen med kratt og vekstar, og som tydeleg viser at det verken er beita eller slått, kvalifiserer ikkje for tilskot. Det same gjeld areal der det er mykje problemugras, og der søker ikkje har følgt opp varsel frå kommunen. Døme på problemugras er: høy mole, lyssiv, åkertistel, veggistel, myrtistel, landøyda, m.fl.

Tilskotet gjeld for alt jordbruksareal på utvalde bruk. Nokre av desse brukna har teigar som blir slått i staden for/ eller i tillegg til å bli beita. Desse teigane kvalifiserer likevel for tilskot. Alternativt måtte vi tatt i bruk ein eigen tiltaksklasse «slått av verdifulle jordbruk» for desse areaala. I og med dette gjeld små område, samt at mange område både blir slått og beita, så har vi valt å ha alt i ein tiltaksklasse uavhengig av haustemetode.



### 8.3 Slått av slåttemyr eller slåttemark

Det er få område i Rogaland som er registrert med desse naturtypane, så her blir ein del av saksbehandlinga å sjekke om arealet er registrert i Naturbase. Tilskotet blir gitt når nødvendig skjøtsel er gjort. Ved kontroll må søkjær kunne gjere greie for korleis skjøtselen har vore, og areala må synfarast slik at kommunen ser at dei er hausta.

For slåttemark er det viktig at slåtten blir tatt seint nok, og at graset blir fjerna frå området. Det er ikkje krav til slåtteutstyret. Dersom arealet blir beita om våren, så må dyra takast vekk frå beitet innan utgangen av mai slik at blomsterplantene får høve til å vekse opp og bløme. Areala skal bere preg av mykje urter/blomstrar av artar som krev mykje lys og lite næring. T.d. prestekrage, blåklokke og kystmaure. Slåttemarker er ofte skrinne og med glissen vekst. Marka skal ikkje bere preg av å ha blitt gjødsla.

Det er uvanleg å skjøtte slåttemyr i Rogaland. Det er fare for at søker misforstår skilnaden mellom ordningane slåttemyr og skjøtsel av biologisk verdifulle areal (som gjeld myr generelt). Kommunen må difor vere ekstra merksam på ordninga. Areal som berre er beita og ikkje er slått kvalifiserer ikkje for tilskot. Vi anbefaler at søkerar tek kontakt med faginstansar for å få ein skjøtselsplan, då rett skjøtsel avhenger av vekst og artar på arealet. Kommunen kan gi SMIL-midlar til å utarbeide slik skjøtselsplan.

For å kvalifisere til tilskot må områda minimum ha moderat kvalitet etter NiN-metodikken. Inntil vidare vil område kartlagt etter handbok 13 som C-område kvalifisere for tilskot.

### 8.4 Beiting av kystlynghei

#### Berekning av areal

Tilskotet blir utmålt per dekar. Bart fjell og vatn skal ikkje inngå i arealgrunnlaget. Kommunen må vere merksam på at det å teikne i kartportalen i eStil berre gir bruttoareal. Anten må kommunen prøve å teikne så nøyaktig som mogleg, eller så må dei redusere godkjend verdi slik at det reelt er kystlynghei som inngår i arealgrunnlaget. Kommunen må sjekke om det er overlapp mellom registrert kystlynghei og AR5 innmarksbeite/andre kartregistreringar. Kommunen skal ikkje godkjenne tilskot på areal som er innmarksbeite, skogplantefelt og liknande.

Søkjaren skal kunne svare på kor mange dyr som har gått i området til ulik tid. Det skal berre bli gitt tilskot til areal der det er ei reell beiting av kystlyngheia. Etablert lyng skal vere beita i minimum 10 veker.

Det er vanleg at fleire føretak har beitedyr i same område/inngjerding med kystlynghei. Søkjane må i slike tilfelle fordele tilskotsarealet mellom seg ut i frå dyretal. Kommunen må vere merksam på eventuell omgåing av tilskotstak. Det er den som har beitedyr som skal søkje tilskotet. Jordeigarar som ikkje har beitedyr i kystlyngheia, har ikkje rett på tilskot.

#### Vurdering av beitetrykk

Beitetrykket skal ikkje vere for lågt eller for høgt. Kor mange dyr det kan vere på eit område vil variere. Lyngheisenteret på Lygra reknar 15 daa lyngmark som passer areal per villsau. NLR-einingane i Rogaland har samarbeidd om ein rapport om beitetrykk i kystlynghei. Rapporten vil vere nyttig i vurderinga av dyr/dekar. Den er lagt ut på heimesida til Statsforvaltaren under Miljøtiltak/tilskot til miljøtiltak.



For å vurdere beitetrykket må ein sjå på kvaliteten til lyngen og vurdere kor mykje gras det er. I tillegg må ein sjå om det er oppslag av lauvtre. Viss det er mykje gras på tørre område og lite lyng, kan det bety at området er blitt beita for hardt. Er det mykje oppslag av lauvtre og gamal forveda lyng (over 20-30 cm) er det teikn på for lågt beitepress. Brenning vil her vere eit tiltak.

Der det ikkje er gjerde mellom innmark og utmark må kommunane vurdere om det er sannsynleg at dyra nytter utmarka i tillegg til innmarka. Her må kommunen sjå på storleiken til innmarksbeitet kontra lyngområdet. Når beitinga har skjedd er også eit moment i vurderinga. Dyr som går ute tidleg vår/sein haust/ vil i større grad nytte lyngområda. Område registrert som kystlynghei, og som berer preg av å vere innmarksbeite – er grasdominert og gjødselpregat, skal ikkje godkjennast for tilskot.

#### Dyrehold

Beiting med utegangardrift skal skje etter godkjenning frå Mattilsynet. Dyrehaldet skal tilfredsstille krava til merking og til god dyrevelferd. Dersom det er avdekka alvorleg brot på dyrevelferd på føretak som søker tilskot til beiting av kystlynghei, kan kommunen avkorte i tilskotet.

### 8.5 Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

NB! Ordninga er endra i 2023. Frå og med 2023 gjeld ordninga areal klassifisert som myr etter AR5 som grenser til fulldyrka jord, overflatedyrka jord eller innmarksbeite godkjend som spreieareal for husdyrgjødsel. Myra skal ikkje ha inngrep som t.d. grøfter eller kanalar for å kvalifisere for tilskot.

Areala skal ha u gjødsla preg og innslag av urter. Oppslag av lauvtre skal haldast nede.

### 8.6 Skjøtsel av trua naturtypar

Ny ordning i 2023. Områda skal vere beita og ikkje gjødsla eller sprøyta. For å vurdere om området er breispreidd med husdyrgjødsel kan de sjå på steinane. Dersom dei er kvite og lite grodd er det teikn på at området blir brukt som spreieareal for husdyrgjødsel. Artsamansetnaden vil variere etter forhalda på staden. Dersom beitetrykket er for høgt vil områda bli artsfattige.

Naturbeitemark kartlagt etter NiN-metodikken må minimum ha høg kvalitet for å kvalifisere for tilskot. Hagemark kartlagt etter NiN-metodikken må minimum ha moderat kvalitet for å kvalifisere for tilskot.

### 8.7 Skjøtsel av styvingstre

Kommunane må vere merksame på at tilskot til styving blir gitt det året treet blir styva, og ikkje per år. Dersom søkerane ikkje er merksame og importerer kartdata frå førre søknadsomgang, vil det bli store feil i søknadane.

Trea skal vere styva godt over beitehøgda til husdyra. Det vil seie om lag 2,5 – 3 meter over bakken. For å ha rett til tilskot må trea vere styva. Same tre kan ikkje utløyse tilskot oftare enn kvart 5. år. Restaurering av eldre felt med styvingstre er krevjande, og det kan vere fornuftig å løyve SMIL-midlar til slike tiltak.

### 8.8 Soner for pollinerande insekt

Tilskot til soner for pollinerande insekt blei innført i 2019. Det kan anten gis tilskot til:

- Etablerte areal med blomstrande vekstar, til dømes åkerholmar, skråningar ved jordbruksareal, tidlegare beiteareal og liknande.
- Striper på jordbruksareal som er tilsådd med eigna frøblandingar.




Areala kan ikkje vere gjødsla, sprøyta eller beita. Arealet skal slås seinsommar, etter ferdig blomstring, og plantemassen skal fjernast. Det kan vere innslag av tre på etablerte areal. Areal med tre aleine kvalifiserer ikkje for tilskot, det skal vere frøplantar i tillegg. Ulike insekt har ulike preferansar for planter, og difor skal det vere ulike blomsterplanter på areala. Reinbestand av t.d. kløver, geitrams og liknande kvalifiserer ikkje for tilskot.

Det blir frå fleire hald arbeidd med å få eigna frøblandingar på marknaden. Til nå er det eit svært avgrensa utval. Målet er mest mogleg stadeigne artar. Dersom det blir brukt frøblandingar skal dei ikkje innehalde framande artar som har større risiko for spreiling enn «lav risiko». Det er Artsdatabanken som vurderer risiko, på deira heimeside:

<https://artsdatabanken.no/fremmedartslista2018> er det mogleg å søkje opp ulike planteartar.

Sona må vere minimum 2 meter brei. Dersom det er snakk om heile teigar, kan ein berekne fleire stripa.



Areala bør vurderast i felt innan august, før dei blir hausta.

## 8.9 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

### Høg tilrettelegging

Tilskotet gjeld tilrettelegging for vipe. Føretaket må innan 1. mars same år ha meldt ifrå til kommunen eller Statsforvaltaren at det ville ha vipesripe. Dette er for at forvaltninga skal kunne følge opp dei interesserte, og utføre stadleg kontroll.

Vipa liker område med svart jord i dagen. Det gjer arealet opne og oversiktlege slik at ho kan oppdage fiendar. Tilskotet blir gitt for å halde arealet urørt og jordarbeidd i perioden 20. mars-1. juni. Det kan også vere areal som blir pløgd på hausten, eller kornareal som blei hausta året før og som ligg i stubb. Områda skal ligge urørt i perioden 20. mars -1. juni. Med urørt meinast det at arealet ikkje skal køyrast på i denne perioden. Det betyr at gjødsling og såing må vente til 1. juni.

Arealet skal vere attraktivt for vipa. Spør gjerne om det har vært viper der tidlegare. Det aktuelle vipearealet skal ligge inntil eit sideareal som vipeungane kan rømme ut i når jordbruksdrifta tek til igjen 1. juni. Sidearealet skal ikkje være tresatt. Sidearealet skal være; areal som blir beita (innmarksbeite eller fulldyrka), kornareal, myrområde, eller bar fastmark. Sidearealet treng ikkje vere eigd/disponert av den som søker tilskotet.

Det må være mogleg for ikkje-flygedyktige vipeungar å komme seg over til sidearealet. Det betyr at det ikkje kan være fråskilt vipearealet med djup kanal, helt tett steinmur, høgt trafikkert veg eller andre uoverkommelege hindringar. Den kan være viktig å huske at vipearealet bør sås i etter 1. juni for å vere i drift og kvalifisere for produksjonstilskot.



Søkjaren skal berre teikne inn vipearealet i søknaden, og dei kan eventuelt kommentere sidearealet i søknaden.

I samband med nydyrkning er det vanleg å la arealet ligge ei stund for at det skal sette seg. Tilskotet gjeld allereie fulldyrka areal og ikkje areal under nydyrkning.

Stadleg kontroll må utførast i perioden 20. mars–1. juni.

#### **Låg tilrettelegging**

I tiltaksklassen låg tilrettelegging blir det gitt tilskot til våtmarksbeiting på areal som er merkt av i Temakart-Rogaland.

Beitinga av området skal vere med eit beitetrykk som stettar miljøverdiane. Områda skal ikkje bere preg av å vere gjødsla, og det skal ikkje leggjast tilleggsfôr (grovfôr) i områda som det blir gitt tilskot til. Det skal vere tydeleg at områda er beita.

#### **8.10 Skjøtsel av andre automatisk feda kulturminne og Skjøtsel av gravminne**

Arealet med kulturminne må ligge på eller i direkte tilknyting til jordbruksareal. Det er tilstrekkeleg av lokaliteten (arealet som er fargelagt blått på gardskartet) ligg inntil eit jordbruksareal. Ved kontroll skal kommunane sjå til at kulturminna er synlege, og at kulturminneareala er skjøtta. Det skal ikkje vere gjort inngrep som kan vere skadeleg for bevaringa av kulturminnet. Ein lokalitet kan innehalde fleire enkelminne. For å vurdere kor mange gravminne søkeren har, så må kommunane slå opp lokaliteten i Askeladden, Riskantikvaren sin database over kulturminne. Merk at same kulturminne ikkje kan utløyse begge tilskota. Søkjaren må velje ei av ordningane.

#### **8.11 Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet**

Turstien må gå over jordbruksareal eller langs jordbruksareal. Merk at turstiar i skogplantefelt og setervegar ikkje er ein del av ordninga. Med *langs jordbruksareal* meiner vi at turstien går heilt i kanten av jordbruksarealet. Turstiar på utmarksareal kvalifiserer ikkje for tilskot. Vi ber kommunen om å rette i kartet i eStil, slik at berre turstiar som kvalifiserer for tilskot er teikna inn.

Stien skal vere merka og teikna inn på offentleg tilgjengeleg kart før 31. juli. Digitale kart som t.d. [www.ut.no](http://www.ut.no) er godt nok. Det avgjerande er at publikum skal kunne finne ut at her er det ei merka turløype, utan å måtte vere lokalkjend i området. Kommunen må vurdere om stien er ein del av eit turstinettsverk eller samanhengande rundløype. Dersom ein søknad innehold mange ulike turstiar i same område, må kommunen vurdere om alle alternativa er ein del av ei samanhengande tursti.

#### **8.12 Fangvekstar etter hausting og som underkultur**

Fangvekstane skal vere sådd saman med hovudkulturen etter tidleg hausting av potet eller grønsaker. Den skal vere godt etablert ved kontroll om hausten, og skal ligge i ro (ikkje jordarbeidast) gjennom vinteren. Vi har endra frist for jordarbeiding på våren frå 1. mars til 15. februar slik at dei tidlegaste grønsaksområda kan søkje tilskot utan å måtte søkje dispensasjon frå forskrifta.

#### **8.13 Grasdekt sone i åker**

Krav til minste breidde av fleirårig gras er 6 meter på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Upløgd vegetasjonssone mot vassdrag kjem i tillegg. Kontrollen kan gjerne skje på hausten. Sona skal vere hausta og ikkje vere jordarbeidd. Sona skal ligge langs vassdrag. Sona må starte nærmare enn 8 meter frå vasskanten for å kunne bli definert som «langs vassdrag». Merk at tidlegare var kravet 20



meter. Det betyr at fleire av dei som tidlegare fekk tilskotet no fell utanfor ordninga. Det er ønskeleg at grassona skal vere mest mogleg permanent, men den kan fornyast ved behov.

### 8.14 Kantsone i eng

Minimum 4 meter av sona skal ligge på fulldyrka eller overflatedyrka areal, og skal vere av gras. Sona må starte nærmere vassdraget enn 8 meter. Grusvegar er ikkje jordbruksareal og kvalifiserer ikkje for tilskot. Det skal i tillegg vere 2 meter upløgd vegetasjonssone nærmast vassdraget.

Areal i Haugaland vannområde og Jæren vannområde er definert som «prioriterte område» som gir høgare tilskotssats per meter enn i andre område. Vi har sendt inn kart til Landbruksdirektoratet over prioriterte område slik at forskjellen i tilskot blir handtert automatisk i eStil-RMP.

Kontroll av randsonene bør skje tidleg på året etter at veksten er i gang og vårgjødslinga er unnagjort. Det ugjødsla arealet skal skilje seg frå gjødsla areal med tanke på farge (vere lysare). Det er også naturleg at ugjødsla areal innehold meir kløver og andre vekstar. I sona skal det ikkje ha blitt brukt plantevernmiddel.

### 8.15 Grasdekte vassvegar og grasstripe i åker

Tilskotet blei innført i 2022.

Med vassveg meinast dråg, som er søkk i åkeren der vatnet samlar seg og renn når det blir nedbør. Breidden på den grasdekte sona i desse søkka skal vere minst 6 meter. Det blir også gitt tilskot til å sette av ein grassone på tvers av fallet i lange hellingar som er utsett for erosjon. Grassonene som ligg på tvers av hellinga må vere minst 2 meter brei. Areala kan gjødsla og sprøytast, men må få ligge grasdekt gjennom vinteren fram til våronn. Det er ikkje krav om hausting av arealet.

### 8.16 Tilskot til bruk av biokol

Tilskotet blir berekna ut frå kg biokol som er spreidd. Kommunen må ved kontroll be om å deklarering av biokolet for å vurdere krav til opphav og faktura for å vurdere mengde. Biokol kan vere spreidd anten aleine eller saman med husdyrgjødsel. Blandast biokol i husdyrgjødsel vil mengda kunne vere 5–100 kg per dekar. Spreidd med kalkvogn eller sentrifugalspreier kan mengda vere mellom 500–1000 kg per dekar. Dersom biokolet har lågare tørrstoffprosent enn 75 skal det korrigera for dette ved utmåling av tilskot.

### 8.17 Miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel

Tilskot til miljøvenleg gjødselspreiling blei i 2021 utvida til å gjelde heile Rogaland. Nytt frå 2023 er at det er innført maksgrense på 6 tonn vassinnblanda gjødsel per spreiling. Kravet er innført for å redusere faren for avrenning. Endringane i forskriftera trådde i kraft 18. april. Gjødsling som er gjort før 18. april 2023 er ikkje omfatta av kravet om maksimalt 6 tonn.

Merk at det er krav til at spreieutstyret skal vere brukt ved alle gjødslingane for at arealet skal kvalifisere for tilskot. Tilskot til tilføringsslanger blir berre gitt i kombinasjon med nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. Kommunane må vurdere om søkjær disponerer areala. Det er den som søker produksjonstilskot på arealet som skal ha tilskotet til miljøvenleg spreiling, ikkje den som står for arbeidet (der det er ulike personar).

Ved stadleg kontroll bør kommunen kontrollere både årets søknad og fjarårets søknad. Kommunane skal be om å sjå gjødslingsjournalen. Av gjødslingsjournalen skal det gå fram kva gjødslingsmetode som er brukt, spreiemengde og tidspunkt for gjødslingane. Føretak som ikkje



disponerer utstyr sjølve må kunne legge fram kvittering for leige av utstyr. Føretaka må ha nok lagerkapasitet slik at det er pårekneleg at det ikkje blir spreidd etter fristen. Føretaket skal ha gjødslingsplan. Dersom gjødslingsplan manglar eller er mangelfull skal det avkortast i tilskotet.

### 8.18 Miljøavtale

Ein miljøavtale er ein avtale mellom landbruksføretak i utvalde område og kommunen. I 2019 blei det innføring krav til miljøregistreringar som ein del av miljøavtalen. Søkjaren må i løpet av dei tre første åra med miljøavtale ha ein miljøregistrering. Det er kommunen som er ansvarleg for miljøregistreringa. Søkarane skal kvart år legge ved kopi av gjødslingsjournal til kommunen. Første år må søkeren i tillegg sende inn gjødslingsplan og kopi av gjødselprøve.

Gjødslingsjournalen skal vere sett opp skiftevis, og tidspunkta for gjødsling, mengde og type gjødsel (mineralgjødsel og husdyrgjødsel) skal gå fram av journalen. Søkar skal i tillegg ha gjort andre nødvendige tiltak som t.d ikkje jordarbeidd om hausten, og anten ha kantsone i eng eller grasdekt sone i åker på areal som ligg langs vassdrag.

Når kommunen behandlar søknad om tilskot så skal dei vurdere om gjødslinga er i tråd med avtalen. Søkarane må ha nok tilgjengeleg spreieareal slik det er pårekneleg at det ikkje har blitt gjødsla med meir enn 3 kg fosfor per dekar.

### 8.19 Tilskot til klimarådgiving

Klimarådgivarane skal vere godkjende av Landbruksdirektoratet. [Liste over rådgivarar er å finne på heimesida til Landbruksdirektoratet](#). Så langt er det rådgivarar frå NLR Rogaland og TINE som utfører klimaråd i Rogaland. Klimarådgivinga skal bestå av:

- Gjennomgang av produksjonstal på garden med tanke på potensiale for redusert klimagassutslepp.
- Målsettingar for redusert klimagassutslepp
- Vurdering av risiko ved endra klima. Klimatilpassing er å forstå konsekvensane av endra klima og sette i gang tiltak for å hindre/redusere skade og for å utnytte moglegheiter endringane kan gi.

Klimarådgivinga skal ende opp i ein tiltaksplan tilpassa den einskilde driftseining. Tiltaksplanen skal vere underteikna av rådgivar/rådgivarane, og skal vere vedlagt søknaden. Dersom den manglar (og ikkje blir ettersendt) skal kommunen ikkje godkjenne tilskot til klimarådgiving. Dersom føretaket fekk innvilga tilskot til klimarådgiving førre år, skal tiltaksplanen vere oppdatert før at dei kan få tilskot på nytt. Tilskotet er differensiert etter tal rådgivarar som er involvert. Kommunen må derfor sjå til at tiltaksplanen er underteikna av alle involverte rådgivarar.

### 8.20 Organisert beitebruk

Søknadsfristen om driftstilskot for beitelag er 15. november. Kommunen må sjå etter at nye medlemer er registrerte i Landbruksregisteret. Før det kan bli gitt tilskot til nye beitelag, må beitelaget ha registrert seg i Brønnøysundregistrene og fått organisasjonsnummer. Dei må i tillegg ha godkjende vedtekter m.m.. Kommunen må godkjenne det nye beitelaget før dei kan søkje om tilskot. Kopi av godkjenninga skal sendast Statsforvaltaren innan 15. august i søknadsåret. Beiteområdet må teiknast inn på kart og sendast inn til Statsforvaltaren. For nye lag er minstekravet 5 medlemer og 300 småfeeiningar. Elles viser vi til krava for beitelag som finst i Rettleatingsheftet for organisert beitebruk.



Målet med tilskotet er å stimulere til fellesløysningar, felles tilsyn og sanking, og beitelaget skal føre rekneskap som viser korleis tilskotet er brukt. Kontroll av beitntag er ein del av 5 % kontrollen av regionalt miljøtilskot.

## 9 Dispensasjon

Statsforvaltaren kan i særskilte tilfelle gje dispensasjon frå krava i forskrifta. Det blir ikkje gitt dispensasjon frå utrekningsreglane eller satsane. Vidare blir det ikkje gitt dispensasjon frå telledato eller frå tilskotstak. Søknad om dispensasjon skal sendast til Statsforvaltaren via kommunen. Kommunen skal komme med uttale til søknaden, og tilrå om dispensasjon bør gis eller ikkje.

Føretak som treng dispensasjon for både søknad om RMP-tilskot og søknad om produksjonstilskot, kan søkje om dette samla. Det må då opplysast om at dispensasjonssøknaden gjeld begge tilskotsordningane.

Statsforvaltaren har ansvar for at saka er godt nok opplyst/dokumentert før dispensasjonsvedtak blir gjort, jf. forvaltningslova § 17 første ledd, og kan krevje at kommunen innhentar alle dei opplysningsane som er nødvendig for å avgjere saka.

## 10 Kontroll av søknadar

Kontroll av søknadar er omtalt i kap. 5 i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv, og vi viser til dette.

Kontroll av søknadar skal sikre rett praksis. Føremålet med kontroll er å undersøkje om skjøtselen av areal er i tråd med intensjonane for tilskot, og om data gitt i søknaden er rette, slik at rett beløp blir utbetalt. Kontrollen skal som hovudregel gjennomførast ved synfaring på det aktuelle føretaket. Dokumentkontroll kan nyttast dersom tilskotet lar seg kontrollere på den måten. Kommunen skal alltid kontrollere om grunnvilkåra for tilskot er til stades. Dersom føretaket søker tilskot etter kapitla; Kulturlandskap, avrenning til vatn, utslepp til luft, jord og jordhelse, miljøavtale og klimarådgiving bør kommunen kontrollere gjødslingsplan og journal over plantevernmidlar i tillegg til de einskilde ordningane.

Kommunen skal kontrollere minimum 5 prosent av mottatte søknadar som er tatt til behandling. I eStil-RMP inngår søknadar med status «under registrering» i talgrunnlaget, noko som kan vere misvisande. Kommunen skal plukke ut kontrollobjekta etter ei risikovurdering, og dei skal skriftleg dokumentere dei vurderingane og prioriteringane som er grunnlaget for utplukket. I eStil- RMP er det søknadar som står «under behandling» som kan veljast ut til kontroll. Kommunen må merke seg at når søknaden først er tatt ut til kontroll i eStil-RMP, kan kommunen ikkje reversere utplukket i saksbehandlarsystemet.

Søknadsfristen for RMP er 15. oktober, og er samanfallande med søknadsfristen for produksjons- og avløysartilskot. Kommunane har stor arbeidsbelasting i perioden 15. oktober -15. desember. Vi anbefaler derfor at kommunen bruker heile vekstssesongen til å vurdere tilstanden på areal som får regionalt miljøtilskot. Frist for registrering av areal med miljøverdiar, godkjenning av nytt jordbruksareal, merking av tursti i terreng, avmerking av tursti på kart er 31. august i søknadsåret.



Vurdering av arealtilstand og skjøtsel må gjerast på tidspunkt på året der drifta av arealet er synleg, og kommunen reelt kan vurdere om intensjonen med tilskotet er følgt.

Kommunen kan i heile vekstsesongen reise ut på synfaringar. Ei synfaring er isolert sett ikkje stadleg kontroll. Resultata frå synfaringar kan derimot brukast som dokumentasjon i saksbehandlinga, og for å ivareta behovet for vurdering av arealtilstand i seinare kontroll. Dette gjeld særleg ordningane randsoner i eng, soner for pollinerande insekt, skjøtsel av slåttemark og tilrettelegging av vipestripe. Viss kommunen under ei slik synfaring finner avvik frå ønska drift må det dokumenterast. Driftsansvarleg må skriftleg gjerast kjend med avviket på snart som mogleg etter synfaringa.

Det er først når søknaden er levert og kommunen startar saksbehandlinga, at kommunen kan kontrollere opplysningane i søknaden.

### 10.1 Gjennomføring av kontrollen

Kommunen skal kontrollere at dei opplysningane som søkeren har gitt om dei valte kontrollobjekta er korrekte, og at skjøtselen er i tråd med skjøtselsråd og vilkår for ordninga. eStil-RMP har ikkje funksjon for utskrift av eige kontrollskejema, men det er anbefalt å ta med utskrift av søknaden.

Kommunen må uansett dokumentere kontrollen med dato og signatur frå både kontrollør og søker/annan person med myndighet til å representere søker. Funn av avvik frå søknadsverdi skal noterast ned, og gå fram av dokumentet søker signerer.

Alle søkerar med jordbruksareal skal kunne leggje fram gjødslingsplan og register over bruk av plantevernmiddel, og kunne gjere greie for korleis skjøtselen av areal har vore utført. Søkerar om tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing og miljøavtaler skal kunne leggje fram gjødslingsjournal.

#### Gjødslingsplan

Krava til innhald og oppsett av gjødslingsplanen følgjer av forskrift om gjødslingsplanlegging, og Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 17/2003 inneholder retningslinjer til forskrift om gjødslingsplanlegging.

I Rogaland må kommunane vere særleg merksam på bruk og mottak av husdyrgjødsel. Gjødslingsplanen skal vise korleis all husdyrgjødsla føretaket har til disposisjon blir fordelt på skifta. Skriftlege avtalar på spreieareal og kvittering for levert/motteke gjødsel er nødvendige vedlegg til gjødslingsplanen. Får føretaket organisk gjødsel frå andre, må dette komme fram av gjødslingsplanen. Merk at organisk gjødsel ikkje berre inkluderer rein husdyrgjødsel, men også andre produkt som blir omfatta av forskrifta om organisk gjødsel.

Gjødslingsplanen skal vise ein planlagd bruk av gjødsla som er forsvarleg. Dersom vekstforholda blir annleis enn det ein tok høgde for under planlegginga, skal gjødslingsplanen bli justert i samsvar med behovet. Bruk av store mengder husdyrgjødsel der fosfortala i jorda er svært høg, t.d. P- Al-verdiane er over 40, vil ikkje vere i tråd med kravet om forsvarlege mengder. I desse tilfella må føretaket vise til at dei planlegg god fordeling av husdyrgjødsla slik at ikkje fosfortala aukar ytterlegare. Så framt vekstkulturen ikkje har særskilte næringskrav som kjem fram av gjødslingsplanen, skal føretaket ikkje tilføre meir fosfor enn det plantane kan hente ut i avling.



## 11 Avkorting

Vi viser til Landbruksdirektoratet sitt rundskriv. Avkorting gjeldande gjødslingsplan og plantevernjurnal er relevant for tilskot i kapitla; Kulturlandskap, avrenning til vatn, utslepp til luft, jord og jordhelse, miljøavtale og klimarådgiving i RMP-forskrifta.

Det er i Rogaland store mengder husdyrgjødsel, og stort trykk på spreiareal. Brot på krav i forskrift om organisk gjødsel til bruk og lagring av husdyrgjødsel vil i dei fleste tilfella vere å betrakte som alvorleg, og gi grunnlag for avkorting av regionalt miljøtilskot. For å vurdere om eit regelverksbrot er så alvorleg at det gir grunnlag for avkorting må kommunen sjå hen til føremålet med miljøtilskotet.

## 12 Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage

Vi viser til kapitel 10 i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv. Statsforvaltaren skal ha kopi av saker der kommunen tek klagen til følgje. I saker der Statsforvaltaren avgjer ein klage må kommunen utføre nødvendige endringar av godkjend-verdiar i eStil- RMP. Statsforvaltaren har ikkje saksbehandlartilgang i eStil-RMP for å behandle søknadar. Kommunen må effektuere endringane.

### 12.1 Meirutbetaling av tilskot

Der klagebehandlinga fører til meirutbetaling av tilskot, skal kommunen opne søknaden på nytt i eStil. Når aktuelle endringar er gjort, skal kommunen godkjenne søknaden og attestere den på nytt. Differansen mellom allereie utbetalte tilskot og meirutbetaling blir automatisk utrekna i eStil. Landbruksdirektoratet går ca. ein gang per vike gjennom attesterte søknadar og betaler ut tilskot. eStil-RMP autogenererer tilskotsbrev når det blir gjort nytt vedtak (det blir attestert på nytt i eStil-RMP). Det er når Landbruksdirektoratet har godkjent utbetalinga at brevet kjem i eStil. Alle merknader som står i eStil kjem med på tilskotsbrevet. Kommunen må difor sjekke om desse framleis er gjeldande.

### 12.2 Tilbakebetaling av tilskot

Omgjering av vedtak som fører til at søker skal betale tilbake allereie utbetalte tilskot, kan handterast i eStil. Landbruksdirektoratet sender då ut faktura til søker.

## 13 Innspel til Regionalt miljøprogram

Regionalt miljøprogram blir i hovudsak rullert kvart fjerde år. Mindre endringar av regionalt miljøprogram kan gjerast mellom kvar hovudrulling. RMP er tema i dei årlege jordbruksforhandlingane og føringar frå jordbruksoppgjerset kan gjere det nødvendig å oppdatere tilskotsordningar og satsar. Statsforvaltaren har to årlege møte i styringsgruppa og kan behandle framlegg til endringar av RMP. Innspel må sendast Statsforvaltaren sitt postmottak.



Med helsing

Geir Skadberg (e.f.)  
landbruksdirektør

Monica Dahlmo  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Adresseliste:

Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen